



Sakhandsamar:

Edit Marie Asperanden

E-post: Edit.Marie.Aasperanden@sfj.no

Tlf.: 57638012

Vår ref.

Sak nr.: 17/7892-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

48368/17

Dykkar ref.

Notat

Til rektorane

Dato
LEIKANGER, 18.12.2017

Rapport frå fylkesdirektøren sin styringsdialog 2017

Styringsdialogen mellom fylkesdirektøren og skulane vart gjennomført i november 2017 og er ein del av kvalitetssystemet i vidaregåande opplæring. Tema for dialogen er forankra i nasjonale og fylkeskommunale føringer som dannar grunnlaget for satsingar i mål – og strategiar for vidaregåande opplæring, «God - betre - best!», og tilhøyrande handlingsprogram.

Styringsdialogen blir gjennomført som fellesmøte med skuleleiinga, representantar for tilsette og elevrådet. Dialogen gir fylkesdirektøren meirverdi og forståing for utfordringar og suksessfaktorar ved den enkelte skule.

Tema for fellesmøte var:

- skulen sin utviklingsplan
- gjennomføring og overgang skule-bedrift
- trivsel
- meistring

Fylkesdirektøren for opplæring hadde utarbeidd

- det lokale gjennomføringsbarometeret som syner gjennomføring i vidaregåande opplæring frå vg1 skuleåret 2015 - 16, vg2 2016 - 17 og vg3 2017 – 18, og opplæring i bedrift 2017 - 19.
- trinnvis skuleårsindikator som viser auke i elevar sitt læringsutbytte som resultat av skulen sin innsats. Indikatorane er berekna på grunnlag av resultata til elevane skuleåret 2014-15.

Med bakgrunn i tilgjengelege data vart det i år retta særskilt merksemd på

- mål i skulen sin utviklingsplan, jamfør handlingskortet for 2017-18 (framdriftsplan for skulen sitt utviklingsarbeid)
- overgang skule-bedrift og gjennomføring
- trivsel
- motivasjon og meistring

I tillegg vart elevråda ved skulane invitert til å sende inn tema dei ønskte å ta opp med fylkesdirektøren.

Konklusjon:

Skulane sin utviklingsplan:

Måla og tiltaka på skulane sine handlingskort er i tråd med fylkesdirektøren sitt mål om å ha avgrensa satsingsområde og tiltak. Alle skulane er bevisste på kor viktig det er å halde fast ved retninga dei har kommunisert på handlingskortet. Samtidig ser vi at både det å oppretthalde få mål og tiltak og sikre tilstrekkeleg involvering av alle aktuelle partar, er ei vanskeleg oppgåve. Fylkesdirektøren ser det difor som særskilt viktig å følgje opp og støtte skulane sitt arbeid med få og langsiktige mål.

Overgang skule-bedrift og gjennomføring

Overgang skule-bedrift

Fylkesdirektøren har lagt klare føringer for at dei vidaregåande skulane skal ta større ansvar i høve formidlingsprosessen og overgangen frå skule til opplæring i bedrift. Fag- og

yrkesopplæringa skal sjåast som eit heilskapleg 4-årig utdanningsløp, og ansvaret for at eleven skal nå ein sluttkompetanse ligg hjå den skulen han eller ho er elev.

Alle skulane arbeider godt og systematisk for å oppretthalde og etablere nye samarbeidsavtaler slik at elevane, gjennom utpasseringar i YFF-faget, blir kjent med næringslivet og ei potensiell lærebedrift. Likevel ser vi at det er ein veg å gå før tal læreplassar samsvarar med tal elevar som vil ut i lære.

Gjennomføring

Sogn og Fjordane, og landet elles, treng fleire fagarbeidrarar, og skulane peikar på at arbeidet med å få fleire til å fullføre ei fagutdanning må starte allereie i grunnskulen. Sjølv om alle dei vidaregåande skulane tilbyr utdanningsval og hospitering, kan samarbeidet med ungdomsskulane bli meir omfattande, blant anna gjennom arbeidslivsfaget.

Gjennomføringa på studieførebuande utdanningsprogram er særskilt god. Likevel ser ein at det er fleire elevar no enn tidlegare som er i faresona for å avslutte opplæringa, og såleis må skulane ha rutinar som tidleg fangar opp og set i verk tiltak for desse.

Både erfaring og forsking understrekar at gjennomføring av vidaregående opplæring er vesentleg for livskvaliteten seinare i livet.

Fylkesdirektøren har over tid sett arbeidet med ungdommane si gjennomføring i vidaregåande som særskilt viktig, og styringsdialogen har vore ein viktig arena i oppfølginga. Skulane har no gode rutinar på å følgje ungdommane gjennom heile utdanningsløpet, men oppfølgingstenesta sitt førebyggande arbeid må bli tydlegare i dette arbeidet.

Trivsel

Tilbakemeldingane frå elevane er at om lag alle er inkludert og trivest på skulen. Dei er likevel klar over at mobbing og utesettenging eksisterer, og at omfanget av psykiske helse-plager aukar både hjå gutter og jenter. Elevane presiserte at behovet for psykososiale elevtenester er større enn tilgangen, og særleg helsestøtte er etterspurt. Fylkesdirektøren understrekte at alle, og elevrådet særskilt, har ansvar for eit inkluderande og trygt læringsmiljø.

Meistring

I tillegg til utfordringane skissert ovanfor, peikar elevrepresentantane på at mange elevar opplever stress og bekymringar knytt til skulearbeid og arbeidskrav. Trass i at elevane opplever høge faglege krav, viser trinnvis skuleårsindikator at skulen sin innsats ikkje fører til signifikant framgang i elevane sitt læringsutbytte. Sjølv om dette er tal henta frå skuleåret 2014-15, er det grunn til å reflektere over kva årsaken kan vere, og kva endringar som kan gi eit meir positivt resultat. Svaret på dette spørsmålet er sjølv sagt samansett, men skulane og elevrepresentantane peiker på at større grad av reell elevmedverknad i samband med vurderingspraksis og undervisningsmetodar kan føre til vekst. Ein viktig motivasjonsfaktor er opplevelinga av å bli både sett, hørt og spurt.

Elevane sitt tema

Sjølv om det var få innmelde saker frå elevane, viste dei stort engasjement og høg grad av medverknad i diskusjonane. Elevane si stemme er særskilt viktig, og fylkesdirektøren understrekar at dialogen mellom skuleleiing, lærarar og elevar er avgjerande for trivsel og utvikling av eit godt læringsmiljø.

Om skulebesøka

Tilbakemeldingane frå deltakarane var utelukkande positive. Både leiarar, tillitsvalde og elevane rosa innhaldet i skulebesøka, og at deltakarane er likeverdige partar i dialogen.